

PKO-NYTT

Praksis - Konsulent - Ordninga

Nr. 1 - 2018

Når unge stenger døra



Temakveld i Bikuben, Haukeland universitetssjukehus

Onsdag 14. feb. 2018 kl 16.00 – 21.00

Kurs teljande timar til spesialiteten allmenmedisin

Påmelding til: pko@helse-bergen.no

Når unge stenger døra

Omlag 43 000 unge har ikkje noko å gjere, og mange av dei isolerer seg heime.

Av: PKO-redaksjonen

Korleis oppnå kontakt med dei? Korleis skal vi forstå og forklare situasjonen dei er hamna i? Kva skal vi foreslå av tiltak? Kven skal ta ansvaret for å få til ei endring? Kven og korleis kan vi samarbeide?

Dette er spørsmåla som vi stiller oss sjølve på neste samarbeidsmøte mellom Haukeland universitetssjukehus og fastlegane i Helse Bergen område. Vi møtast for å drøfte korleis aktørar i helsesektor og kommune kan samarbeide for å møte desse ungdomane og deira familiar på ein god måte.

NEET («not in education, employment, or training») omfattar ungdom i alderen 15–24 år som verken er i utdanning, jobb eller på tiltak. NEET består av personar i svært ulike livssituasjonar. 71 000 unge menneske i alderen 15–29 år var verken i arbeid, under utdanning eller i opplæring i 2014. Det utgjør 7 prosent av alle i denne aldersgruppa i Noreg. Kvar femte i denne gruppa var i same situasjon i fem år samanhengane. Andelen er aukande i heile Norden og dette er ungdommar som har stor risiko for et varig utanforskap i forhold til arbeidsliv. Det å falle utanfor arbeidslivet i ung alder kan ha alvorlege konsekvensar både for den enkelte og for samfunnet (*Tor Petter Bø og Åsne Vigran « Samfunnsspeilet, 1 2015»*)

Arbeidskraftundersøkinga (AKU) gir informasjon om kor stor andel av befolkninga som er sysselsett og arbeidsledige. I AKU blir alle som ikkje har heiltidsjobb, spurt kva dei betraktar som sin hovudaktivitet. I denne undersøkinga spør ein respondentar utan arbeid om kvifor dei ikkje er i jobb. I 2014 svarte 43 000 av de 71 000 personene i NEET-gruppa at dei betrakta seg sjølv som arbeidsledige. I den yngste aldersgruppa, det vil seie 15–19 år, går dei fleste i vidaregåande skole. Berre 2 prosent av dei var utanfor både utdanning/opplæring og arbeidsliv i 2014. I aldersgruppa 20–24 år har talet på dei som har vore i NEET lege på 8 prosent i perioden 2006–2014, og i aldersgruppa 25–29 år rundt 9–10 prosent. Kvar tiande person i alderen 25–29 år er verken i jobb eller utdanning (*Grødem, Nielsen, Strand, FAFO 2014*).

Kva gjer vi?

Både fastlege og foreldre kjem til kort, og den unge sjølv slit ofte med å få tak på situasjonen. Bekymra foreldre tar den unge med til fastlegen, for det må jo vere noko som er gale. Dei er jo så trøyte, slitne, har vondt i magen, og søv dårleg.

Mange av fastlegane står utan svar, og endar opp med å be om utgreiing hos spesialist. Men sjukehuset skriv dei for ut att som friske, og foreldra er like bekymra.

Historier å lære av

På temakvelden møter du ei mor som har kjempa for sonen sin, og ein ung mann som har kome seg ut av situasjonen.

På programmet står innlegg og diskusjon med representantar frå: Fastlegane, PPT, skolehelsetenesta, helsesøster, barnevernet, fylkeslegen, NAV, og spesialisthelsetenesta innan psykiatri, rus og hjarte.

Stad: Bikuben, Haukeland universitetssjukehus.

Onsdag 14. febr kl 16.00 – 21.00

Kurs teljande timar til spesialiteten allmenmedisin

Påmelding til: pko@helse-bergen.no

Nyttige lenkjer:

www.ssb.no/en/arbeid-og-lonn/artikler-og-publikasjoner/young-people-who-are-not-in-employment-or-education

www.ssb.no/arbeid-og-lonn/artikler-og-publikasjoner/ungdom-som-verken-er-i-arbeid-eller-utdanning-art

www.ssb.no/aku

www.fafo.no/images/pub/2014/20384.pdf

8. januar 2018 flyttar Barnekirurgisk sengepost frå Sentralblokka til Marie Joys' hus

Barnekirurgisk sengepost som tidlegare var ein del av Klinik for hode-hals, blir no ein del av Barne- og ungdomsklinikken.

Øyeblikkeleg hjelp-pasientar til Barnekirurgen skal som før takast imot i Akuttmottaket i Sentralblokka.

Preoperativt mottak/Preoperativ poliklinikk blir igjen i Sentralblokka:

- Ortopedisk klinikk: 1. etasje, på Preoperativ poliklinikk
- Kirurgisk klinikk: Kirurgen post 4
- Klinik for hode-hals: Hode-hals sin poliklinikk i 2. etasje

Godt nytt år!

Vi håpar du kjem på temakvelden 14. februar 2018.



BETANIE
SYKEHUS



HELSE BERGEN

Haukeland universitetssjukehus



Haraldsplass
Diakonale sykehus

Praksiskonsulentordninga. Redaktør Harald Hauge.

E-post: pko@helse-bergen.no

Adr: Haukeland universitetssjukehus

Postboks 1400, 5021 Bergen.